

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

04fbf952-4121-
4886-be07-
Dykkar ref: 46380374eb70
Vår ref: 2026/2985
Dato: 15.01.2026

Svar på høyring om uttak av grunnvatn frå Kvitagrov / Nobbi i Myrkdalen

Viser til dykkar brev datert 06.01.2026 om høyring av søknad om uttak av grunnvatn frå Kvitagrov ved Myrkdalselvi i Voss herad.

Vår rolle

Mattilsynet er statleg sektorstyresmakt for områda plantar, helse og velferd hos fisk og dyr, mat og drikkevatn. Som høyringsinstans skal vi bidra til å ivareta nasjonale og regionale interesser innanfor våre forvaltningsområde. I denne saka uttalar vi oss om forhold som gjeld drikkevatn.

Saksopplysningar

NVE har motteke søknad frå Voss herad om løyve etter vassressurslova til å ta ut grunnvatn frå elveavsetningar langs Myrkdalselvi ved Kvitagrov. Vassførekomsten skal fungere som vasskjelde i Myrkdalen, og vil dekke eksisterande vassbehov og tek høgde for framtidig utvikling i området.

NVE har sendt søknaden på høyring og ber om synspunkt på om det bør bli gitt løyve til det aktuelle grunnvassuttaket.

Mattilsynet sin uttale

Mattilsynet kjenner saka gjennom vår rolle som tilsynsmynde etter drikkevassforskrifta, og kan stadfesta at det er behov for å oppgradera vassforsyninga i Myrkdalen. Voss herad er i prosess for overtaking av dagens private vassforsyningssystem, og vil stå for oppgradering og vidare drift av vassforsyninga.

Mattilsynet har i vedtak datert 04.08.2025 gitt plangodkjenning etter § 18 i drikkevassforskrifta. Planane omfattar etablering av ny hovudkjelde og nytt vassbehandlingsanlegg som skal knytast til eksisterande distribusjonssystem. Dagens hovudkjelde og vassbehandlingsanlegg er planlagt å stå i reserve når det nye anlegget blir sett i drift.

Den nye hovudkjelda er eit elvebankinntak i liggande sandfilter på Nobbaflaten ved Myrkdalselva, nord for Myrkdalen fjellandsby og Helgatun. Det er planlagt tre stk. infiltrasjonsrør som skal levere vatn til felles pumpekum / inntakskum. Herfra vil vatnet bli pumpa vidare til planlagt nytt vassbehandlingsanlegg på Helgatun. Vi vurderer at den nye hovudkjelda vil kunne dekke eksisterande og framtidig vassbehov, og gi ein god og stabil råvasskvalitet. Planlagt oppgradering vil i sum gi Myrkdalen ei moderne og framtidsretta vassforsyning som stettar gjeldande krav i drikkevassforskrifta.

Det er også positivt at eksisterande vassforsyning vil kunne stå i reserve etter oppgraderinga. Dette vil styrka leveringssikkerheita og beredskapen for vassforsyninga i Myrkdalen.

Konklusjon

Mattilsynet støttar planane og tilrår at det blir gitt løyve til det aktuelle vassuttaket.

Med helsing
Mattilsynet, tilsynet

Ole Christian Bjørge
seniorinspektør

Jorunn Aasgaard Grini
avdelingsleder

Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved